



# Praktisk informasjon og reiseinformasjon

## Landsmøtet 4H Norge

### 5.-6. juli 2024

#### 1. Reise og opphald

##### 1.1. Reise til landsmøtet

Den enkelte utsending til landsmøtet kjøper billett sjølv, eller kontaktar fylkeskontoret for hjelp til dette. Hugs å bestille billetter i god tid, då 4H Norge dekkjer reiseutgiftene etter billegaste reisemåte.

Bømoen leir ligg på Voss, 4.5 km aust for Voss sentrum. Adressa er Bømovegen (Unummerert, inst denne vegen) 5704 Voss. Du kan teke tog til Voss stasjon eller fly til Flesland, Bergen. Frå Voss stasjon er det ca. 11 minutt køyring til Bømoen, og frå Flesland er det 1 time og 45 min køyring til Bømoen leir. Vi set opp felles taxi for dei som kjem med tog torsdagskveld samt felles taxi frå Flesland kl. 17.00 torsdag 4. juli, kl. 19.30 torsdag 4. juli og fredag 5. juli kl. 08.15. Meld ifrå om din reiseveg til [silje.hogelid@4h.no](mailto:silje.hogelid@4h.no) innan søndag 16. juni, inkludert om du ynskjer å vere med i taxi anten frå Voss stasjon eller Flesland. Dersom du har meldt ifrå om di reise under påmelding og ikkje ynskjer plass på ein taxi, treng du ikkje melde frå ytterlegare.

##### 1.2. Avreise frå landsmøtet

Vi håpar at alle som er på landsmøtet skal vidare til landsleiren. Om du har gløymt å krysse av på transport i påmeldinga, ver vennleg og tek kontakt på førehand. Vi sørgjer for felles transport til landsleiren. Send e-post til [silje.hogelid@4h.no](mailto:silje.hogelid@4h.no) dersom du treng støtte til direkte heimreise innan søndag 16. juni.

##### 1.3. Kostnadar ved reise

###### 1.3.1. Representantar for klubbane

Etter 4H Norge sine lover § 5 pkt. 10.i skal sentralstyret vedteke regler for reiseutjamning for klubbane sine representantar til 4H Norges landsmøte.

Sentralstyret vedtok i sak 18.03 den 4. april 2024 ei reiseutjamning på kr 1800 for kvar av representantane til landsmøtet. Klubbane sine representantar sender difor reiserekninga til 4H Norge, som så fakturerer fylket for eigendelen på kr 1 800.

###### 1.3.2. Fylkesstyreleiar

Fylkesstyreleiar si reise og opphald vert dekkja heilt ut av 4H i fylket sitt budsjett, og reiserekninga skal sendast til 4H i fylket. Fylket vert fakturert for opphaldet av 4H Norge i etterkant av landsmøtet.

###### 1.3.3. Representantar for 4H-gard Norge, N4HA og tilsette sine representantar

Reise og opphald skal dekkjast av den dei representerer, jf. § 5 pkt. 15. Representantane vert fakturert for opphaldet av 4H Norge i etterkant av landsmøtet.

#### **1.3.4. Æresmedlemmar, valkomiteen, kandidatar til styreverv og landsstyret**

4H Norge dekkjer kostnadane for opphald og reise. Reiserekning skal sendast til 4H Norge i etterkant.

#### **1.3.5. Gjestar og medlemsorganisasjonar**

Desse betaler sjølve for opphald og reise. Meld frå til [silje.hogelid@4h.no](mailto:silje.hogelid@4h.no) ved ynskje om overnatting på Bømoen leir så tidleg som råd. Utgifter ut over ordinært opphald vert dekkja av den einskilde og vert betalte direkte.

### **2. Utstyr og antrekk til landsmøtet**

Sidan mange av landsmøtedeltakarane skal vidare på landsleir etter landsmøtet, vil vi ikkje oppmode til å ta med bunad til landsmøtemiddagen, men det er hyggjeleg med eit pent antrekk. Alle som tidlegare har vore i Gambia eller på det afrikanske kontinentet, oppmodast til å kle seg etter afrikanske skikkar under middagen.

### **3. Sosiale media**

Vi oppmodar delegatane til å bruke sosiale media for å promotere 4H og landsmøtet vårt. Den offisielle emneknaggen for landsmøtet er #4HLM24 og i tillegg kan du gjerne bruke #vier4h. Hugs å vise omsyn i kva for bilete du legg ut, og spør alltid før du legg ut bilde av andre enn deg sjølv.

### **4. Overnatting**

Overnatting er i to, tre og firemannsrom. Dei fleste rom har felles bad på gang. Det er også separate fellesdusjar som de vil få høve til å booke via eit analogt skjema på hytta du bur på. De må sjølv teke med sengeklede og handkle. Den enkelte blir innlosjert etter beste evne med ein frå eit nabofylke. Har du ein eller to som du spesielt ynskjer å dela rom med, så send ein e-post til [silje.hogelid@4h.no](mailto:silje.hogelid@4h.no).

**Møte startar fredag kl 11:00, og vi avsluttar laurdag ca kl 13:00, før vi får lunsj og reiser kvart til vårt eller blir til landsleir kring kl. 14:00. Har du andre praktiske spørsmål, ta kontakt med rådgjevar for opplæring og arrangement, Silje Synøve Høgelid på 90758128 eller [silje.hogelid@4h.no](mailto:silje.hogelid@4h.no).**